



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/431-1

Skriv og melding - fylkesrådet for eldre 6. februar 2018

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Vedtak om representasjon i regionalt brukarutval Helse Nord
Svar frå fylkestannlegen om den offentlege tannhelsetenesta

Meldesak 1) Uttale frå fylkesråda i Troms og Nordland om representasjon i regionalt brukarutval

Fylkesråda for eldre i Troms og Nordland har sendt inn uttale til Helse Nord om at dei på det sterkeste protesterer på at helseføretaka er i ferd med å innføre nye reglar for nominasjon av representantar til lokale og regionale brukarutval til kun å gjelde medlemmar av Pensionistforbundet. Dei ber om at noverande ordning vert oppretthalde. For utfyllande informasjon, sjå vedlegg.

Meldesak 2) Svar frå fylkestannlegen

Informasjon frå fylkestannlegen om korleis tannhelsetenesta fungerer i praksis etter endre klinikksstruktur ut mot brukarane. For utfyllande svar frå fylkestannlegen, sjå vedlegg.

Meldesak 3) Høyring om endringar i regelverket for å gjennomføre piloten primærhelseteam

Høyringsfristen for å sende inn høyringsuttale til Helse- og omsorgsdepartementet var 1. februar 2018. Fylkesrådet for eldre sende inn følgjande uttale:

- *Vi ser det som positivt at dei som treng det mest kan få tettare oppfølging, ved at teamorganiseringa vil betre tilgjengelegheta til tenesta, skape større breidde i tilbodet, betre opplæringa og oppfølginga av brukarar med kronisk sjukdom. Samtidig som det vert skapt meir samanhengande og koordinerte tenester*
- *Korleis er det med brukarmedverknad i piloten? Vi ser det som ein fordel at brukarane bør få kome med tilbakemeldingar i utprøvings-/oppfølgingstida*
- *Vi ser det slik at driftstilskotmodellen er å føretrekke, sidan dette vert enklare å handtere og betre for brukarane*
- *Honorarmodellen ser vi som uoversiktleg og vanskeleg å handtere for aktørane. Vil dette koste meir i administrative opplegg? Kan den føre til at fleire kjem opp i maksimum eigenandel slik at frikortet slår inn?*

Meldesak 4) Konferanse januar 2018 om den kulturelle spaserstokken

Harald informerer om innhaldet i dei ulike innlegga på denne konferansen. Informasjon om konferansen finn de her: [Konferanse om den kulturelle spaserstokken](#)

Meldesak 5) Ymse